

Informasjon frå FAU -aug,sept, okt- 2020

FAU ved skulen dette året er:

- 1.klasse: Caroline Svellingen og Veronica Storebø**
- 2.klasse: Camilla Meyer og Elisabeth Charlotte Jonas**
- 3.klasse: June Blom og Wenche Berland**
- 4.klasse: Unni Tresvik og Janne Ekren**
- 5.klasse: Maria Dale og Benedicte Brown**
- 6.klasse: Linn Andersen og Kathrine Langeland**
- 7.klasse: Eirik Sjøstrøm og Synnøve Sæle**

Leiar for året er : Linn Andersen mob. 99243379

Nestleiar: Caroline Svellingen mob. 90943901

Sekretær: Veronica

Covid 19:

Me har til tross for annleise og nye rutiner i skulen, ei god og trygg oppleving av korleis dette har vorte gjennomført frå skulestart og fram til no. Skulen har tiltaksplan klar for ulike scenarier som skulle kunne oppstå. Transponder vil verte nytta som informasjonskanal frå skulen om noko akutt skulle oppstå.

Nullmobbing-visjon:

Skulen vil arbeida aktivt MOT mobbing. Dette gjennom Olweus programmet. Eit godt og trygt skulemiljø, er viktig OG ein rett for alle born. Om de opplever at dykkar barn ikkje opplever ein god skulekvardag, ta snarleg kontakt med skulen. Tidleg innsats er viktig for at ikkje situasjonar skal komma ut or kontroll. Foreldrekontaktane/FAU bistår om det skulle vera ønskjeleg. FAU har taushetsplikt.

Skulehelsetenesta:

Det er helsesjuepleiar, Hilde Aadland, som er knytt opp til Blomvåg skule. Ho er på skulen annankvar onsdag og kvar torsdag.

Ho kan bidra med , samtaler, veiledning, henvisningar. Send gjerne mail til henne på: Hilde.aadland@oygarden.kommun.no om det er noko de treng hennar råd og kompetanse på.

Mobilhotell:

Om det er elevar som har med seg mobilar til skulen, vil skulen ta desse inn om morgonen, og leggja dei i eit MOBILHotell til skuledagen er over. Då vil elevane få dei attende. FAU støtter dette.

Gullhenger:

Kvar veke vil reinhaldspersonalet ved skulen kåre den klassen som har det ryddigast i garderobe og klasserom. Dei vil på fredag den aktuelle veka få utdelt ein Gullhenger med ein pose Seigemenn som premie. Dette er eit populært og virkningsfullt verkemiddel.

Endring i arrangement på skulen i adventstida:

Skulen har kome fram til at Juleavslutning, juletemadagar og liknande vil verte gjennomført annleis i år. Dette for å klare å overhalde smittevernsreglar og samstundes klare å gjennomføre noko likevel.

Den tradisjonelle **juleavslutninga** som har vore på kveldstid, vil i år utgå. I stadenfor vil det verte ei juleavslutning klassevis, i skuletida.

Juletemadagar som skulen plar å gjennomføre på tvers av klassane gjennom ei heil veke, vil også utgå i år. I staden vil det verte ulike aktivitetar i dei ulike klassane, klassevis.

FAU støttar avgjerda til skulen.

Juleskulegudstenesta vil i år verte sendt digitalt, slik at kvar klasse kan sjå på og følge den frå klasserommet sitt.

Leirskule:

Den kommunale leiinga har bestemt at den offentlege betalte leirskulen vil no komme i 7.klasse, i stadenfor 8.klasse, slik som me har vore vane med. I tillegg har me ikkje lenger lov til å arrangere klasseseturar i regi av foreldre, slik me har gjort med 7.klasse sin avslutningstur tidlegare. Det er tanken at den årlege leirskulen skal vera ein vintertur. Årets 7.klasse vil derimot få tur i juni til Kinsarvik. Frå neste års 7.klasse vil det verte tur om vinteren.

Dugnadshjelp frå foreldre:

Det er ønskjeleg med fleire benkar rundt på skuleområdet. Skulen har allereie materialar liggjande, Me treng at nokon kan samlast for å byggje dette om til nokre benkar og bord. Ta kontakt med Linn: 99243379 om dette er noko du har moglegheit, utstyr og kompetanse til å vera med på. FAU stiller med kaffi/brus og litt og bita i :) Dugnad e Gøy!

Generelt frå FAU:

Det har vore ei rar og annleis tid. Likevel kjenner me i FAU oss trygge på at skulen kvar dag , tek gode og rette avgjerder for borna våre og seg sjølve, når det gjeld sikkerheten og læring.

For oss i FAU er det viktig med tett kontakt og godt samarbeid både med skulen og dykk som foreldre. Rektor er med på kvart Fau møte, og ho er svært engasjert både i alle borna på skulen , og i at alle som er føresette skal kjenne seg møtt og høyrte på ein god måte. Me er heldige som har ein rektor som har eit stort hjarta for skulen ho leiar.

Bruk foreldrekontaktane i klassen dykkar, eller ta direkte kontakt med leiar om de har noko som de ønskjer at me i Fau kan bidra med.

Fau sine oppsette møter denne hausten:

29.09., 27.10, 24.11

FAU på Blomvåg har i lange tider vore eit aktivt og engasjert FAU. Tida me er inne i no, gjer at dei ulike tinga/arrangementa som me tidlegare/tradisjonelt har gjennomført kvart år, vert vanskeleg å gjennomføra. Me vil prøva å vera kreative og løysingsorienterte slik at me likevel kan finna møtepunkt mellom foreldre og elevane, for elevane og for foreldre og lærarane. Dette er viktig for det sosiale i klassane og for læringsmiljøet. Me har gjennomført elevkveldar

klassevis og desse har det vore god oppslutning om , og alle foreldrekontaktane fekk gode tilbakemeldingar. Dette vil me gjera meir av gjennom skuleåret, so lenge me ikkje får gjennomføre elevkveldar for heile skulen saman.

De som foreldre er VIKTIGE! Både for kvarandre og for alle borna i klassen. Er me tett på kvarandre, får me også nære relasjonar, noko som igjen vil bidra til gode relasjonar for borna våre.

Tusen takk for at de stilte opp for kvarandre når det var busstreik, og tok med naboborna i bilen slik at alle kom seg på skulen desse dagane.! Slike ting utgjør ein forskjell. De utgjør ein forskjell!

Med ønske om ei fin tid framover. - Linn Andersen